



Sissel Lillebø Aarseth med lista som har over 700 namn. Førebels har ho fått svar berre frå halvparten. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det er no i gang ei omfattende registrering av frivillig sektor i Kvinnherad. Ei tilsvarande og svært grundig registrering vart gjort for 10 år sidan av kulturkonsulent Ellen Totland og det er no viktig å få kunnskap om kva som er skjedd med lagsfloraen sidan sist, understrekar kultursjef Kristian Bringedal og fagkoordinator Sissel Lillebø Aarseth. Også Uskedalen har ein rik og mangfaldig lagsflora

Tiltaket inngår i eit prosjekt som Universitetet i Bergen og Rokkan-senteret står bak og som professor Per Selle leiar. Han har ved fleire høve uttala at Kvinnherad sine registreringar er unike og fortel om eit stort og mangfaldig lagsliv.

703 lag og organisasjonar i Kvinnherad har fått brev om registreringa, men førebels har ikkje kulturkontoret høyrte noko frå 350 av dei og purring er no i gang. Sissel Lillebø Aarseth bed om at dei utsendte skjema blir returnert snarast råd.

Dette er ei enkel registrering, der ein bed om namn, kontaktperson, lagstype og mailadresse.

Men det er også viktig at dei lag som ikkje har fått brev sender inn opplysningar, Det kan til dømes vera meir uformelle lag utan ein fast struktur. Slike har det vorte fleire av i den siste tiårsperioden.

På bakgrunn av dei skjema som har kome inn kan ein allereie sjå visse tendensar. Ein er at misjonslag dør ut og ein annan at også ungdomslaga syng på siste verset. Dei som framleis har ein viss aktivitet er gjerne slike som har eige hus. Derimot syner idrettslaga stor stabilitet.

Bringedal og Lillebø Aarseth strekar under at det er matnyttig og viktig å ha eit mest mogeleg oppdatert lagsregister.

- Dette er ein viktig del av vår kulturelle identitet og utvikling. Den frivillige delen her i Kvinnherad er svært stor og lag og organisasjonar tar ansvar for aktivitetar som er ansvaret til det offentlege i andre kommunar.

Ikkje minst politikarane bør vera interesserte i eit prosjekt som dette når dei spør: Korleis skal vi prioritera og kven skal ta del i dei offentlege godene?

Registreringa gir oss i det heile ein god rettesnor for kulturpolitikken vår, seier Bringedal og Lillebø Aarseth.

Lista frå 10 år tilbake innheldt 600 namn. Auken har mellom anna sin bakgrunn i registrering i Brønnøysund, fleire festivalar og altså fleire uformelle lag.

Av Ola Matti Mathisen



Humlepungen Bryggjarlag er eit døme på eit uformelt lag som er danna i dei seinare år. (Foto: Ola Matti Mathisen)